

Janne G. Hjørnevåg som er leiar for gruppa som har ansvar for barne- og ungdomsaktivitetane FestidaGen under Festidalen, kan melde om god påmelding til dei ulike aktivitetane, nokre er alt fullteikna medan andre har ledige plasser. I tillegg kan ho melde om ein skikkeleg godbit: ekstrashow med Per Olav Alvestad, velkjend programleiar for Ikkje gjer dette hjemme og Newton.

Janne G. Hjørnevåg fortel altså om god påmelding, men det er framleis ledige plasser på nokre av FestidaGen-gruppene.



Filmgruppa er og fullteikna.

Det er til dømes plass til fleire på 'Kunst i fjæra' for born frå 5år, der ein får klippe, lime, male og lage kunst av ting ein finn i naturen. Skateparken har plass til fleire, og det har også cheerleading, hiphop, rockegruppa, og trommegruppa... Ho oppfordrer særleg ungdomar til å melde seg på t.d Festidagbladet, hiphop, sjakk og grafitti. Påmelding skjer ved at ein går inn på heimesida til Festidalen: <http://www.festidalen.no/festidagen/> . Janne lovar at dette vert skikkeleg gøy!!

Filmgruppa og Mini-Newton er alt fullteikna. Som eit solid plaster på såret til dei som kunne tenkt seg å ha vore med på Mini-Newton med Per Olav Alvestad, vert det arrangert eit ekstrashow laurdag 2.august kl.16.00 før Tønes sin konsert.

Her kan ein ta med heile familien og sjå Per Olav Alvestad sitt mini-show der han gjer ting som du absolutt IKKJE må gjere heime! Ein må ha festidalplass for å kome inn på jordet. Det er gratis for born under 13 år i følge med vaksne. Etter Tønes-konserten kan ein følge borna heim, for så å kome tilbake til konsertar seinare på kvelden, alt på same dagspasset!!



[FestidaGen](#) har eit breidt og godt tilbod til born og unge.

Dette blir eit flott tillegg til alle dei andre FestidaGen-aktivitetane som ein altså kan lese om på www.festidalen.no

Tekst, foto(frå fjorårets FestidaGen) og nett: Thor Inge Døssland.